

Referat frå årsmøte i Valldal IL onsdag 2.mars 2016

Ti personar var til stades når møtet vart sett.

Sak 1: Godkjenne innkalling, sakliste og møtereclar

Dei framømte godkjende innkalling og møtereclar. Vedr. sakliste kom det inn forslag om at sak 11 vart flytta opp som sak 6, dei andre sakene vart flytta vidare nedover. Ingen hadde innsigelsar på dette.

Sak 2: Konstituering

- a. Val av dirigent *Einar*
- b. Val av sekretær *Liv Marit*
- c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok *Anders og Trond*

Sak 3: Årsmelding 2015

Vedlegg 1

Framlegg til vedtak:

Årsmelding for Valldal Idrettslag med undergrupper sine årsmeldingar vert godkjent og fastsett årsmelding for 2015

Sak 4: Rekneskap 2015

Vedlegg 2

Framlegg til vedtak:

Rekneskap for Valldal Idrettslag med undergrupper sine rekneskap vert godkjent og fastsett som rekneskap for 2015

Tillegg

under føresetnad av at revisorar ikkje har vesentlege merknader til rekneskapet

Sak 5: Arbeidsplan 2016

Dei nyvalde styra bør få behandle sine arbeidsplanar for å få eit størst mogeleg eigarforhold til desse. Årsmøtet bør gje fullmakt til styret om å fastsette arbeidsplanane snarast mogeleg etter årsmøtet.

Framlegg til vedtak:

Styret får fullmakt til å godkjenne arbeidsplanar 2016 for Valldal IL med undergrupper.

Sak 6: Nytt bygg for idrett og kultur - flytta opp

Nytt bygg for idrett og kultur er planlagt ferdig sommaren 2016. Det er sett ned ei eiga gjevargruppe med representantar frå friviljuge lag og næringslivet. Øyvind Hoel er Valldal IL sin representant i gruppa. Denne har til oppgåve å samle inn midlar først, fremst for innkjøp av inventar, og i tillegg organisere dugnadsarbeid.

Valldal Idrettslag vert ein stor brukar av anlegget og vil difor støtte opp om dette. Styret har tidlegare gjort vedtak om å øyremerke overskotet frå sommararrangementa i 2015 til formålet, kr 120.000. I tillegg har trimgruppa gjort vedtak om støtte med kr 15.000. Det bør i løpet av 2016 vurderast om bygget kan støttast ytterlegare.

Framlegg til vedtak:

1. Valldal IL og Valldal IL trimgruppa støttar nytt bygg for idrett og kultur med til saman kr 135.000
2. Styret får fullmakt til vurdere ytterlegare støtte i 2016
3. Årsmøtet oppmodar medlemmar i idrettslaget å støtte bygget

Sak 7: Budsjett 2016

Vedlegg 3

Framlegg til vedtak:

Budsjett for Valldal Idrettslag med undergruppene sine budsjett vert fastsett som budsjett for 2016

Sak 8: Endra lov for Valldal idrettslag

Tinget i Norges Idrettsforbund har gjort vedtak om ny lovnorm for lag tilslutta forbundet. Dette gjeld også for Valldal Idrettslag. Det er ganske store tekstmessige endringar, utan at så mange har stor praktisk betydning Ein ting som er å merke seg er at idrettlag må ha elektronisk medlemsregister innan 31.12.16. Alle gruppestyre skal veljast på årsmøtet etter innstilling frå gruppa via valnemnda

Framlagt lov er i samsvar med norm frå idrettsforbundet med nokre tilpassingar, vedlegg 4.

Framlegg til vedtak

Revidert lov for Valldal Idrettslag vert vedteken og gjeldande frå d.d.

Sak 9: Laget si organisering

I samsvar med Lov For Valldal Idrettslag skal årsmøtet behandle laget si organisering.

Dette omfattar følgjande grupper: fotball-, friidrett-, ski- og trimgruppe.

Medlemskap i Norges Idrettsforbund, Norges Fotballforbund, Norges Friidrettsforbund, Norges Skiforbund, Norges Skiskytterforbund og Amerikanske Idretters Forbund, avd fresbeegolf.

Organisasjonsplan må justerast i samsvar med endring i lov for Valldal IL. Framlegg , vedlegg 5

Framlegg til vedtak:

Vedteken organisasjonsplan for Valldal Idrettslag vert vidareført i 2016.

Sak 10: Medlemskontingent

I samsvar med lov for Valldal Idrettslag skal årsmøtet kvart år fastsette medlemskontingent.

Vedtak vil gjelde for 2017

Noverande kontingent

Barn t.o.m. 16 år	kr 350
Vaksne f.o.m. 17 år	kr 450
Familie	kr 800
Pensjonistar	kr 350
Støttemedlem	fritt beløp

Alder på dei ulike medlemsgruppene må endrast slik at grense mellom barn og voksen er 18 år. Årsmøte skal også fastsette eventuelle treningsavgifter eller gje styret/gruppestyret fullmakt å fastsette dette. Det vert foreslått å gje fullmakt til gruppene å fastsette dette.

Framlegg til vedtak:

1. Medlemskontingent 2017

Barn under 18 år	kr 350
Vaksne 18 år og eldre	kr 450
Familie	kr 800
Honnør, 67 år og over	kr 350
<i>Endring-</i>	
<i>Pensjonistar</i>	<i>kr 350</i>
2. Den enkelte gruppe får fullmakt å fastsette eventuell treningsavgifter

Sak 11: Mellombels finansiering Idavollen

På årsmøtet i Valldal IL 4.3.15 vart det vedteke rehabilitering av Idavollen. Det vart godkjent mellombels finansiering med lån på kr 3,0 mill med maks løpetid 1 år og eit langsiktig lån på kr 400.000 med nedbetaling over 20 år.

Det er søkt om spelemidlar på kr 1,350 mill, men dette vart ikkje tildelt i 2015. Søknaden er fornya i 2016, men sjansen for tildeling i år er også liten. Det er forventa at vi kan få tilbake om lag kr 700.000 mva-kompensasjon på anlegget. Dette vil først kome i 2017. Det er no eit mellombels lån i Sparebanken Møre på ca kr 2,0 mill. Dette klarer vi ikkje å få innfridd utan

utbetaling av spelemidlar og mva. Difor må det gjerast vedtak om å forlenge tida for mellombels lånefinansiering. Det er aktuelt å søkje dette med avdragsfritak. Eventuelt behov for langsiktig lån må vurderast når alle tilskot er utbetalt.

Framlegg til vedtak

1. Det vert godkjent mellombels finansiering i form av banklån på inntil kr 2,0 mill til rehabilitering av Idavollen. Lånet vert søkt avdragsfritt og kan ha maks løpetid på 4 år. Nedbetaling med utbetaling av tilskot og mva-kompensasjon.
2. For fullfinansiering av anlegget etter utbetaling av tilskot og mva-kompensasjon, kan det, dersom det er behov for det, takast opp banklån på inntil kr 400.000 med nedbetaling over 20 år

Sak 12: Val

Valnemnda sitt framlegg:

Styre i Valldal IL

Leiar:	Einar Hoel	2016
Nestleiar	Anders Rem	2016-17
Styremedlem:	Trond Haavoll	2016-16 (ikkje på val)
Styremedlem:	Liv Marit Indreeide	2016
Styremedlem:	Monica Henden	2016-17

1. varamedlem: Kristin Sandnes 2016
2. varamedlem: Anita Woldsdal Hjelm 2016

Revisorar:	Finn Waldal	2016
	Olav Løvoll	2016

Framlegg til valnemnd:

Øyvind Hoel	på val
Dagrun Vikesland	2016-18 (ikkje på val)
Reidar Bjørstad	2015-17 (ikkje på val)

Val av utsending til årsmøtet i Norddal Idrettsråd, 2 personar

Val i undergrupper:

Fotballgruppe -	Torkjell Døving	leiar 2016 - styremedlem Valldal IL
	Hillevi Hovden	2015-16 (ikkje på val)
	Stig Rune Johnsen Grønmo	2015-16 (ikkje på val)
	Anett Helen Steinnes	2016-17
	Tom Erik Hjelle	2016-17
	Solveig Heggen	1. vara 2016
	Kenneth Hovden	2. vara 2016

Friidrettsgruppe-

Magne Eivind Glomnes, leiar 2016 (attval)styremedlem Valldal IL

Catrine Berli 2016-17

Jacek Wilczura 2016-17

Børge Heggen Johansen 2015-16 (ikkje på val)

Øyvind Reiten 2015-16 (ikkje på val)

Solfrid Fjeldstad 1. vara 2016

Ann Kristin Godø Hoel 2. vara 2016

Skigruppe-

Jan Ole Fuglem leiar 2016 - styremedlem Valldal IL

Aksel Indreeide 2016-17

Juliette Bechtold 2016-17

Terje Nerhus 2015-16 (ikkje på val)

Geir Arne Myren 2015-16 (ikkje på val)

Per Jomar Nerli 1. vara 2016

Anne Gry Myklebust Vestre 2. vara 2016

Trimgruppe-

Ida Kristoffersen Rem leiar 2016 (attval) styremedlem i Valldal IL

Maria Dvergsdal 2016-17

Andreas Håvoll 2016-17

Jürg Barthel 2015-16 (ikkje på val)

Runar Andersen 2015-16 (ikkje på val)

Richard Moen 2016 – ansvar for fresbeegolf

Lene Heggen Johansen 1. vara 2016

Elisabeth Golten 2. vara 2016

Valldal 17. mars 2016

Liv Marit Indreeide, skrivar

Anders Rem



Trond Håvoll

